



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/141027-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.02.2017

Klage på vedtak – Avslag på utvida bruk av avkøyrslø – Fv. 57 – Gnr. 185 bnr. 20 – Lindås kommune

Statens vegvesen har mottatt klage etter veglova på avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå fv. 57 hp 1 km 2,099 til grunneigedom gnr. 185 bnr. 20 i Lindås kommune. Det er søkt om utvida bruk av avkøyrslø i samband med søknad om deling av grunneigedom til ny bustadtomt.

Relevante dokument som er vedlagt:

1. Søknad om avkøyrslø datert 13.09.2016
2. Søknad om avkøyrslø – Situasjonsskart
3. Avslag på søknad datert 05.12.2016.
4. Klage på vedtak datert 19.12.2016.
5. Klage på vedtak – Situasjonsskart

Saksopplysningar:

Vi mottok søknad om utvida bruk av avkøyrslø 13.09.2016. Søknaden er grunngeve med at det er ønske om å skilje ut ein bustadtomt på eigedomen.

Statens vegvesen gav 05.12.2016 avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø til Fv. 57:

Vedtak:

Statens vegvesen har vurdert søknaden, og er komen til at søknaden må avslåast med heimel i veglova § 40.

Avslaget er gjeve med bakgrunn i vegen sin transportfunksjon og den uavklarte plansituasjonen i området (Vedlegg).

Vi mottok klage på vedtaket 19.12.2016. Klagen er såleis rettidig.

Innhaldet i klagen:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Klagar legg vekt på at det hefter saksbehandlingsfeil og at det er nytta feil rettsanvendning i si grunngjeving for klagen. Klagar syner til forvaltningslova § 17 første ledd som seier at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før det treffast vedtak.

Klagen er mellom anna grunngjeve med at saka ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, og at ein har tatt omsyn til ulempene ved å gje løyve. Klagar hevdar vidare at det ikkje er gjort greie for kva trafikale omsyn som tilseier avslag eller kva konsekvensar det vert av å gje løyve til søknaden. Klagar meiner også at det heller ikkje er utgreidd om eventuelt nye avkøyrslar kan etablerast. Heile klagen følgjer vedlagt (vedlegg 4 og 5).

Vurdering:

Det er søkt om deling av grunneigedom for å etablere ein ny bustadtomt. Eigedomen er avsett til noverande bustadområde jf. *Kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2007 – 2019*. Eigedomen er elles ikkje regulert i reguleringsplan. Eigedomen har avkøyrslar til Fv. 57. Denne avkøyrsla er regulert gjennom fleire planarbeid. Med bakgrunn i reguleringsstatus legg vi til grunn at det kan fattast eit vedtak direkte etter veglova.



Utdrag av *Kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2007 – 2019*. Omsøkte tomt markert med blått.

Statens vegvesen region vest har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i

- Nullvisjonen
- Veglova
- Retningslinjer for behandling av avkøyrslar – Handbok R701.
- Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013 – 2016)
- Regional transportplan Hordaland 2013 – 2024

Null-visjonen:

Statens vegvesen sin null-visjon har som mål å planlegge, legge til rette for og utbetre vegnettet slik at alvorleg ulykker ikkje skal oppstå.

Veglova:

Omsynet til trygg og god trafikkavvikling kjem fram av føremålparagrafen i veglova:

§1a. Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, skli at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetjing for vegstyresmaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og samfunnsinteressene elles.

Vårt vedtak av 05.12.2016 er heimla i veglova § 40. Det kjem av veglova § 40 at avkøyrsløse til offentleg veg ikkje nyttast utan løyve eller annan særskilt heimel.

Retningslinjer for behandling av avkøyrsløse – Statens vegvesen Handbok R701

Handboka gjev utfyllande kommentarar til behandling av avkøyrsløse.

Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016).

Rammeplanen er vedtatt politisk av Hordaland fylkeskommune i 2013. Den inneheld prinsipp og føringar for korleis vi skal vurdere avkøyrsløse og er nytta som ein del av vurderingsgrunnlaget før vi fattar vedtak. Rammeplanen klassifiserer denne vegstrekninga til «Haldningsklasse 2».

Regional transportplan Hordaland 2013 – 2024:

Regional transportplan er vedtatt politisk av Hordaland fylkeskommune i 2012. Planen formidlar fylkeskommunen sine mål og strategiar for utvikling av transportsystemet i fylket, og skal bidra til ein heilskapleg samferdslepolitikk. Denne planen klassifiserer Fv. 57 som «Primær fylkesveg».

Utvida bruk av avkøyrsløse:

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrsløse til fv. 57. Eigedommen ligg om lag 150 meter nord for rundkøyring fv. 565 mot Radøy. Fylkesvegen har to køyrefelt på gjeldande strekning, og det er tilrettelagt med separat gang- og sykkelveg på motsett side av vegen, og med busshaldeplass på begge sider av vegen. Det er ikkje lagt til rette for kryssing av veg. Skilta fartsgrense 50 km/t, og årstdøgertrafikk er 5900.

Det er søkt om deling av grunneigedom med føremål å oppføre ny bustad. Før det vert etablert ny eigedom skal avkøyrsla frå offentleg veg vere godkjent av vedkommande myndigheit, jf. Plan- og bygningslova § 27-4 og veglova §§ 40-43.

Vi oppfattar at klagar stiller spørsmål om det er behov for avkøyrsløyve etter veglova når avkøyrsla allereie er regulert. Reguleringsplanar heimlar berre bruken av avkøyrsla der det omsøkte tiltaket er synt i same plan, eller det på annan måte er avklart i plan. Slik vi tolkar det er eigedomen og avkøyrsla i dag ikkje regulert i same plan, og etablering av ny eigedom krev avkøyrsløyve etter veglova § 40.

Klagar syner til at søknaden ikkje er godt nok utgreidd. Statens vegvesen har i sitt vedtak lagt til grunn søkjaren sine opplysningar. Vi har også vore på synfaring på staden og gjort ei vurdering av avkøyrsla og den totale situasjonen i området. Vi har vidare basert vedtaket på godkjente arealplanar og pågåande planarbeid for området, samt mellom anna lagt til grunn "*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013-2016)*" og «*Regional transportplan for Hordaland 2013 - 2024*». Vi meiner at saka er godt nok opplyst til å fatte vedtak.

Når det vert søkt om avkøyrsla er det fleire omsyn som skal vurderast og vegast opp mot kvarandre. Trafikktryggleiken er eit av dei, og vegen sin transportfunksjon er eit anna. Ofte heng desse to omsyna saman.

Regional transportplan har delt riks- og fylkesvegnettet inn i 5 funksjonsklassar etter vegen sin transportfunksjon. Fv. 57 er klassifisert som «Primær fylkesveg». Det vil seie at vegen har ein viktig funksjon i det overordna regionale vegnettet og at strekninga mellom anna har ein viktig beredskapsfunksjon som omkøyringsveg for E39, samt ein viktig strekning for næringslivet på Mongstad. Vi har i vårt vedtak lagt avgjerande vekt på at det på denne strekninga er viktig å oppretthalde vegen sin transportfunksjon og målet om ei effektiv trafikkavvikling.

Vegstrekninga er klassifisert til «Haldningsklasse 2» jf. rammeplanen. Det vil mellom anna seie at talet på avkøyrslar til vegane må vere svært avgrensa og ein skal ha ei streng vurdering i søknader om utvida bruk av avkøyrslar. Der tilhøva ligg til rette for det kan ein unntaksvis vurdere løyve til utvida bruk.


Klagar syner til at Staten vegvesen gjennom si behandling av kommuneplan har gitt innspel til kommunen, deltatt aktivt og gitt innspel til planen. Vår merknad til dette er at kommunedelplan for Knarvik - Alversund er frå 2007. Vi har sjeldan høve til å gå inn i alle detaljar i såpass omfattande planar som overordna planar gjerne er, særleg på forhold som

er eksisterande. Kommunedelplanen er også ein eldre plan som ikkje er oppdatert i høve til nye planar og retningslinjer. Sjølv om det føreligg ein godkjent arealplan for området skal vi likevel foreta ei konkret vurdering når vi mottar ein søknad som i dette tilfellet. Vi skal då legge til grunn gjeldande regelverk og føringar for sakshandsaming. I denne saka er ikkje eigedomen regulert i reguleringsplan, og tiltaket har ikkje avklart tilkomst til offentlig veg.




Vegbilet 2016. Fv. 57 retning nordover. Avkøyrsla er markert med blå sirkel.

Det er stor aktivitet i området på samferdselsida. Rundt 2009 vart det etablert ny rundkøyring til fv. 565 mot Radøy. Dette endra avkøyrslforholda for ein del eigedomar i dette området, truleg også for omsøkte eigedom. I *Reguleringsplan for RV. 565 Isdalstø Alverflaten (2007)* er det regulert ein privat avkøyrsla som ligg litt lenger sør enn dagens løysing, og etter busshaldeplass som er regulert i denne planen.



Reguleringsplan for RV. 565 Isdalstø – Alverflaten (2007).

Siste plan som vart vedtatt er *Områdeplan Tunnel på fv. 57, Knarvik – Isdalstø (2013)*. Denne planen er førebels ikkje realisert, men det ser likevel ut til at avkøyrsla er plassert meir i samsvar med denne planen. Planen føreset mellom anna ei omlegging av gangsystemet i området og dagens busstopp der avkøyrsla ligg i dag er flytta lenger vest forbi rundkøyring mot Radøy og Fv. 565. Det er også lagt opp til 4 køyrefelt på denne strekninga. Området vert også fortida vurdert regulert på ny jf. høyringsutkast til planprogram for *KDP E39 Flatøy – Eikefettunnelen*, der dette området er eit av alternativa som er under utgreiing. Begge desse planane kan ha stor innverknad for området. Mellom anna vil eventuell ny og utbetra E39 krevje eit større areal enn det vegen tar i dag. Kommunedelplan er venta å vere planavklart i løpet av 2018, og ein veit då meir om kva som vert situasjonen for området frametter. Når vi vurderer avkøyrslar er det relevant å ta omsyn til endringar som kan ventast, både godkjente planar og pågåande planarbeid.



Siste vedtatte plan for fv. 57. Områdeplan Tunnel på fv. 57, Knarvik – Isdalstø (vedtatt 2013). Avkøyrsla og omsøkte eigedom er markert med blå sirkel.

Den omsøkte avkøyrsla er ein privat veg med direkte tilkomst til offentleg veg. Avkøyrsla er ikkje plassert eller utforma i samsvar med dei to reguleringsplanane for området, men ser heller ut til å vere ei mellomløysing av dei to planane. I tillegg kjem den ut i ei busslomme, noko som i seg sjølv ikkje er i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker og omsynet til trafikkryggleiken. Bussen kan både sperre sikt i avkøyrsla og sperre avkøyrslpunktet for inn og utkøyring. For trafikkantar som køyrer på fv. 57 kjem avkøyrsla brått på, og det kan vere uventa at det kjem køyretøy inn og ut av ei busslomme. I tillegg må ein og rekne med at

fotgjengarar skal krysse fylkesvegen for å kome til busstopp på motsett side. Desse momenta er i konflikt med omsyn på trafikktryggleiken.

Klagar har synt til at Statens vegvesen bør komme med eit alternativ til avkøyrsløse i saker der ein avslår etter § 40. I dette tilfellet er det ikkje andre kryss eller avkøyrsløse å vise til i området. Klager viser også til at avkøyrsløse er ein eksisterande avkøyrsløse og at den er plassert i samsvar med sist vedtatte reguleringsplan *Områdeplan Tunnel på fv. 57, Knarvik – Isdalstø (vedtatt 2013)*. Til det er å seie at denne avkøyrsløse ikkje er bygd i samsvar med denne plan, då planen til dømes føreset omlegging av gangsystem og at dagens busslomme er flytta.

Avkøyrsløsesituasjonen har klar innverknad på trafikkmonsteret og aktivitetsnivået langs vegen, både i form av ferdsel inn og ut av avkøyrsløse og den lokaltrafikken som følgjer med. Dette igjen har innverknad på risikoen for ulykker. Så vidt vi kjenner til er det 4 bueiningar som nyttar avkøyrsløse i dag. Dess fleire brukarar ei avkøyrsløse har dess større risiko for ulykker. Det følger også av dette at vegnettet på sikt vert mindre eigna som transportåre.

Oppsummering:

Statens vegvesen kan ikkje godkjenne utvida bruk av avkøyrsløse som omsøkt. Vi har lagt avgjerande vekt på at det er viktig å oppretthalde vegen sin transportfunksjon på denne strekninga. Vi vurderer at auka bruk av denne avkøyrsløse ikkje er i samsvar med omsyn til trafikktryggleiken. Vi har også tatt omsyn til godkjente planar og pågåande planarbeid for området.

Konklusjon:

Statens vegvesen har vurdert klagen og finn ikkje å kunne ta den til følgje. Vi tilrår at vårt vedtak av vert ståande.

Saka vert med dette sendt over til Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Hanne Hermanrud
avdelingsdirektør veg og transport

Tore Bergundhaugen
sakshandsamar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Reknes Byggjevarer L.L, Masfjordvegen 187, 5986

Fra: Reknes Byggjevarer L.L V/Beathe Iren Nilsen <beathe@rbll.no>
Sendt: 13. september 2016 13:58
Til: Firmapost-Vest
Emne: Søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser,
14737747342315354858671063837
Vedlegg: situasjonsplan_185_20.pdf

Hei,

Statens vegvesen har mottatt en søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser.

Søknadens ID: **14737747342315354858671063837**

Steg 1 av 6

Søknaden gjelder for

Andre

Har den du søker for gitt samtykke?

Ja

Personen som det søkes for:

Aurora og Arvid S. Søvik

Steg 2 av 6

Type veg:

Fylkesveg

Vegnummer:

FV57

Kommune:

LINDÅS

Fylke:

Hordaland

Regionens epost:

vest

Gnr:

185

Bnr:

20

Festenr:**Arealformål:**

Bustadtomt

Regulert område?

nei

Detaljkart:

situasjonsplan_185_20.pdf

Steg 3 av 6**Søkes det om avkjørsel:**

ja

Søknad om avkjørsel:

Fradeling

Søkes det om dispensasjon fra byggegrenser:

nei

Søknad om dispensasjon fra byggegrenser:

Ikke relevant

Annet:

Ikke relevant

Minste avstand fra nærmeste punkt på bygget til midten av vegen:

Ikke relevant

Steg 4 av 6**Begrunnelse:**

Grunneier ønsker å skille ut en tomt fra 185/20 for så å bygge ny enebolig som vist på vedlagt situasjonsplan. Vi er nå i en prosess hvor vi skal søke om deling av grunneiendom ovenfor Lindås Kommune. I forhold til dette må vi ha en avklaring fra Vegvesenet vedr avkjørsel. Søker derfor herved om ny avkjørsel -det er pr dags dato 3 boliger tilknyttet tilkomstvei.

Vil også bemerke at tenkt plassering av bolig vil ligge 54,5 m fra veimidte, og vi har valgt å bruke situasjonsplan som viser den nye reguleringsplanen for FV57.

Begrunnelse vedlegg:

Ingen filer vedlagt

Steg 5 av 6

Navn:

Reknes Byggjevarer L.L V/Beathe Iren Nilsen

Adresse:

Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Telefon:

561660060


E-post:



beathe@rbl.no

Steg 6 av 6

Søkeren har godkjent at alle opplysningene er riktige. (ja)

Mvh, Kommunikasjonsstaben, webteamet



<ul style="list-style-type: none"> Målte Grenser Registrerte Grenser Udefinert grenser Terengmålte grense Konstruert grensepunkt Bolig Bustad m/leilighet Våningshus 	<ul style="list-style-type: none"> Store bustader Hytte/feriehuis Garasje/uthus Industri/lager Andre bygg 	 <p>Lindås kommune Geodata avdeling</p> <p>Reguleringskart.</p>	 <p>Målestokk 1:1000</p>
<p>Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.</p>			

TOMT NR 1 (NYTT GNR/BRN) CA 1 MÅL.

TOMT NR 2 (EKISTERENDE GNR/BRN) CA 6 MÅL



Statens vegvesen

Reknes Byggjevarer L.L
Masfjordvegen 187
5986

Beathe Iren Nilsen

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/141027-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
05.12.2016

Vedtak – Fv. 57 – Søknad om utvida bruk av avkjørsle – Gnr. 185 bnr. 20 – Lindås kommune –Tiiltakshaver [Aurora og Arvid S Søvik]

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 13.09.2016. Vi var på synfaring på staden 19. oktober 2016.

Vedtak:

Statens vegvesen har vurdert søknaden, og er komen til at søknaden må avslåast med heimel i Veglova § 40.

Bakgrunnen for vedtaket:

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktrygging/trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkøyrslle frå.

Eigedomen ligg på vestsida langs fv. 57, like nord for ny rundkøyring mot Radøy (fv. 565). Eigedomen er regulert til noverande bustadområde jf. Kommunedelplan for Knarvik – Alversund (2008).

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årstdøgertrafikk (ÅDT) er 5900. Det er tilrettelagt med separat gang- og sykkelveg på motsett side av vegen, og med kollektivhaldeplass på begge sider av vegen. Det er ikkje lagt til rette for kryssing av veg. Strekinga er klassifisert til haldningsklasse 2 jf. «Rammeplan for avkøyrslle og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)». Det vil mellom anna seie at vegen er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon på fylkesvegnettet, og at ein skal legge til grunn ei streng haldning også ved søknad om utvida bruk av avkøyrslle. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi behandlar søknaden.

Fv 57 er klassifisert som primær fylkesveg og har ein regional funksjon og ein overordna lokal funksjon på vegnettet. Vegen fører nordover mot m.a. industristaden Mongstad. Det er

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER


Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

eit mål å unngå randbusetnad som kan bygge ned transportfunksjonen på denne del av vegnettet.

Avkøyrsla er regulert gjennom fleire planarbeid, mellom anna «Reguleringsplan Isdalstø – Alverflaten (2007)». Avkøyrsla vart bygd om når denne planen vart realisert. I 2014 vart «Områdeplan. Tunnel på FV 57 Knarvik – Isdal» godkjent, som også omfattar omsøkte avkøyrslle. Planen legg til rette for firefelts tunnel på fv 57 frå Knarvik til Isdalstø. I tillegg er det pågåande planarbeid for ny E39 «Kommunedelplan E39 Flatøy – Eikefettunnelen», der planprogrammet for tida er på høyring. Det vidare planarbeidet skal avklare trasè og vegstandard for vegen. Eit av alternativa som vert utgreidd i dette planarbeidet vil ha innverknad i området eigedomen ligg i.



Figur: Områdeplan Tunnel på FV 57 Knarvik – Isdal (2014), avkøyrsla er markert.

Tomta ligg i eit område som er utsett for støy og andre miljøbelastningar knytt til vegenlegget. Tomta er klassifisert til raud og gul støysone mellom anna i områdeplan for «Tunnel på FV 57 Knarvik – Isdal». Det kan difor vere utfordrande å få til tilfredstillande uteopphaldsareal etter støvforskrifta T-1442.

Etter vår vurdering kan vi ikkje gje løyve til utvida bruk av avkøyrsla. Bakgrunnen for dette er mellom anna omsynet til vegen sin transportfunksjon og den uavklarte plansituasjonen i området.

Høve til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg: Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

STATENS VEGVESEN REGION VEST

ASKEDALEN 4
6863 LEIKANGER

nb

19.12.2016

Klagesak på vedtak om avslag på søknad om utvidet bruk av avkjørsel.

Saksnr 16/141027

Gnr 185 Bnr 20 – Lindås kommune

Tiltakshaver Aurora og Arvid Søvik.

Vi viser til søknad innsendt 13.09.16 vedrørende utvida bruk av eksisterende avkjørsel (i forbindelse med utskillelse av tomt fra 185/20 i Lindås Kommune). Oversender herved klage på vedtaket gjort av Statens Vegvesen datert 05.12.16.

Slik vi oppfatter vedtaket fra Statens Vegvesen, er avslaget begrunnet i Vegvesenet sin uavklarte plansituasjon i området, samt transportsituasjon.

Det er riktig som Statens Vegvesen skriver, at dagens situasjon for området er 50 km/t -nylig tilrettelagt med separat gang og sykkelveg på motsatt side av avkjørselen. Det er også opprettet bussholdeplass på begge sider av vegen, den ene busslommen er i omsøkt avkjørsel.

FV 57 er klassifisert som primær fylkesvei og har en regional funksjon og en overordnet lokal funksjon på vegnettet.

Vegvesenet krever i sitt avslag at veisituasjon må avklares i forbindelse med avkjørselen.

Vi gjør gjeldende at klagen må tas til følge, da det hefter både saksbehandlingsfeil og feil rettsanvendelse på den aktuelle problemstillingen.

Når det gjelder saksbehandlingen er den ikke tilstrekkelig redegjort i henhold til forvaltningsloven § 17 første ledd som sier:

«Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Det skal påse at mindreårige parter har fått mulighet til å gi uttrykk for sitt syn, i den grad de er i stand til å danne seg egne synspunkter på det saken gjelder. De mindreåriges syn skal tillegges vekt i samsvar med deres alder og modenhet.»

Dette har medført at det ikke er foretatt en bred helhetsvurdering, slik loven krever. Vedtaket og begrunnelsen betyr et midlertidig forbud mot tiltak etter pbl kap 13 -uten at saksbehandlingsreglene i denne loven er brukt, eller truffet vedtak om det -noe loven ikke gir anledning til.

Orientering om klagegrunnene.

Det er et krav, i henhold til §17 første ledd -at saken skal være godt opplyst før vedtak treffes. Vi mener at det ikke var tilfelle når saken ble behandlet av Statens Vegvesen. Dette begrunnes i at det ikke har blitt utredet tilstrekkelig, at ulempene ved å gi tillatelse er hensyntatt. Det er heller ikke redegjort, eller utredet hvilke trafikale hensyn som tilsier avslag, herunder konsekvensen av å innvilge søknaden. Statens Vegvesen har heller ikke utredet spørsmålet om hvorvidt eventuelt nye avkjørsler kan etableres.

I forhold til unnlatelse av å foreta en konkret helhetsvurdering sier Lovens § 40 følgende:

§ 40. Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Her er loven tydelig og klar! I lovens første ledd oppstilles krav om at bygging eller bruk av avkjørsler skal fremgå i reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan. Dersom den gjør det, har vedkommende rettskrav på å få bygge eller bruke avkjørselen.

Det følger da av lovens annet ledd at bygging eller bruk av avkjørsel i mangel av plan etter første ledd er avhengig av «løyve». Forvaltningen plikter i slike tilfeller å foreta en bred helhetsvurdering. Dette er noe også Stortinget har gitt uttrykk for, og har gitt synspunkter om hvordan disse skal foretas.

Vegvesenet har begrunnet avslag med manglende planer/ plansituasjon. Dette er i strid med veglova §40 og lovens system. Når det ikke foreligger plan, plikter de som forvalter loven å foreta en bred skjønnsmessig vurdering etter paragrafens andre ledd- det er ikke gjort i dette tilfelle.

-Viser til vegdirektoratets retningslinje punkt 4.5 – der dette er omhandlet.

Det er på det rene at det er trafikksikkerheten som i dette avslaget står sentralt.

Det er 50 sone på staden, og god siktsoner begge veier. – Busslomme er nylig etablert inn i avkjørselen – dette er ikke hensyntatt i saken.

Det må vektlegges at det er interesser som tilsier at søknaden skal innvilges.

Tomteområde er avsatt til boligbygging (Gul farge i planen), og er derfor tilrettelagt for dette.

I saker der forvaltningen avslår etter § 40, bør forvaltningen komme med alternativ avkjørsel.

Viser til Vegdirektoratets retningslinter.

Samlet vurdering:

Statens vegvesen har gjennom sin behandling av kommuneplanen gitt innspill til kommunene, deltatt aktivt i utarbeidelsen i planen, avgitt uttalelser, avklart eventuelle innsigelser, noe som til slutt har gitt en godkjent plan. Derfor vil i første rekke kommuneplanens arealdel være retningsgivende for utfallet av en avkjørselssøknad.

Følgende momenter må tas med i begrunnelsen (jf. forvaltningsloven § 25): - henvisning til hjemmelen for vedtaket – vegloven § 40 (eventuelt § 41) - henvisning til søkers anførsler med en kort vurdering - begrunnelse for det skjøn som er utøvd. Det er særlig viktig å få fram de faktiske forhold som har begrunnet vedtaket, ut fra de overordnede hensyn som for eksempel trafikksikkerhet, framkommelighet og miljø.

Statens vegvesen har heller ikke lagt vekt på at det er en eksisterende avkjørsel -og at det ikke er snakk om ny avkjørsel.

Det må vektlegges også at det i dag er 3 boliger som bruker utkjørselen, og det hadde vært forståelig om det her var snakk om etablering av ny avkjørsel. Ved akseptering av økt bruk, er det kun snakk om marginal økning av avkjørselen, og marginal mer trafikk som blir belastet vegstrekningen. Da dette kun er snakk om oppføring av en bolig.

Legger også ved nytt plankart, godkjent reguleringsplan planid 1263-201201 av 2014. Denne viser utkjørsel på samme plass som dagens situasjon.

Konklusjon

Klager ber om at klagen tas til følge, og at søknaden om utvidet bruk av avkjørselen innvilges.

Kopi:


Lindås Kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Med vennlig hilsen
for Reknes Byggjevarer LL


Nilsen Beathe



REKNES
BYGGJEVARER L L
3192 HOSTELAND
Tlf.: 56 16 60 60 - Faks: 56 16 60 61



SOSI ver. 4.5

TEGNFORKLARING

AREALFORMÅL (PBL §12-5)
BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5 nr. 1)

- BF Bustader-Frilliggjende-småhus (1111)
- VA Vass- og avtaupsanlegg (1540)
- NM Angitte bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål. (11101300)

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 2)

- Køyreveg (2011)
- FTA Fortau (2012)
- G/S Gang- / sykkelveg (2015)
- GG Gangveg (2016)
- SV Sykkelfelt (2017)
- AN Annan veggrunn tekn. anlegg (2018)
- VG Annan veggrunn-grøntareal (2019)
- PA Pendlar-/innfartsparkering (2024)
- S Samferdsel-/sentrumsformål (20001130)

GRØNSTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 3)

- Naturområde (2020)
- Turveg (2021)
- Friområde (2026)

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL §12-5 nr. 4)

- Friluftsområde i sjø og vassdrag (0110)

OMSYNSSONER (PBL §12-6 JF. §11-4)
SIKRINGS-, STYR- OG FARESONER (PBL §11-4 a)

- Frisk (0110)
- Andre styringssoner (0130)
- Gjeldende reguleringsplan
- Høgspenningsanlegg (0170)
- Anlegg- og rigg/Bestemmelses område

JURIDISKE TEKSTAR, LINJE- OG PUNKTSYMBOL (JF. REGULERINGSFORESEGNER)

- Illustrasjon av planens begrensning (det 1m store jordstik plangrens)
- Formålsgrænse (P-formål/grænse)
- Grænse for fareområde
- Regulert køyrefelt
- Frisklinje
- Regulert senterlinje
- Tunnel
- Regulert stotlemur
- Bru
- Byggegrænse
- Grænse for gjeldende reguleringsplan
- Grænse for sikringszone
- Grænse for bestemmelser
- Bygg som er forutselt fjerna (1215)
- Avkørsel- kun utkøying ↔ Avkørsel
- Avkørsel- kun innkøying ↵ Tunnelopning
- illustrert framtidig bybane trasé
- Forminne
- Eigedomsgrænse
- Eksisterende bygg
- Geodetisk grunnlag: UTM32_Euref 89
- Geodetisk høgdegrunnlag: NN1954
- Uttaksdato basiskart: 26.02.13
- Dato illeggkartlegging:

BASISKART

Forminne
 Eigedomsgrænse
 Eksisterende bygg

Geodetisk grunnlag: UTM32_Euref 89
 Geodetisk høgdegrunnlag: NN1954
 Uttaksdato basiskart: 26.02.13
 Dato illeggkartlegging:

Kartmålestokk: 1:1000 I A1 Ekvildistanse: 1m

0 25 50m

Reguleringsplan, detaljregulering med tilhørende føresegner for:

LINDÅS KOMMUNE.
Tunnel på fv 57, Knarvik - Isdalstø, områdeplan.
PlanID 1263-201201 Plankart nr. 3

Nivå 2

Saksangang	Dato	Plankart dater	Føresegner dater
Kunngjering oppstart	14.12.2011		
Offentleg ettersyn, vedtak	05.08.2013	21.05.2013	21.05.2013
Offentleg ettersyn, frå- til	19.06.13 - 01.09.13	21.05.2013	21.05.2013
2.gangs handsaming, vedtak	04.12.2013	21.05.2013	04.10.2013
Kommunestyre, vedtak	19.12.2013	21.05.2013	04.10.2013
Kunngjering vedtatt reguleringsplan	01.02.2014	24.01.2014	19.12.2013

Forlagsstiller: **LINDÅS KOMMUNE** Utarbeid av: kommunnens saksnummer 2013/2013/2013

Siste revisjonsdato plankart: 24.01.2014

Seksjonsleder

Det vert stadfesta at plankartet er i samsvar med kommunen sitt vedtak:

